



Bustadutvikling As
Eidavegen 532
5993 Ostereidet

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/647 - 22/6939

Sakshandsamar:
Kjersti Furnes Soltvedt
kjersti.soltvedt@masfjorden.kommune.no

Dato:
26.08.2022

Vedtak om oppretting av tre matrikkeleiningar utan fullført oppmålingsforretning - gbnr 59/19-21 i Einestrand bustadfelt

Viser til motteken rekvisisjon av oppmålingsforretning 22.06.2022.

Søknad om oppretting av tre nye matrikkeleiningar er behandla etter plan og bygningslova og er godkjend i delegert vedtak datert 01.07.2022 i sak 22/634. I rekvisisjonen vert det søkt om utsetjing av oppmålingsforretning der ein vil venta med oppmåling til tomtane er etablert.

Det vert no gjort slikt vedtak etter matrikkellova:

Vedtak:

Me viser til matrikkellova § 6 andre ledd og forskrift til matrikkellova § 25 pkt. 2, og godkjenner søknaden om oppretting av tre matrikkeleiningar til bustadføremål før oppmålingsforretning er fullført.

Eigedomane vert oppretta i samsvar med tomtegrensene som er vist i reguleringsplanen for Einestrand bustadfelt, vedteken 22.06.2017;

- tomt nr. 6 er tildelt gbnr 59/19
- tomt nr. 9 er tildelt gbnr 59/20
- tomt nr. 10 er tildelt gbnr 59/21

Frist for fullført oppmålingsforretning vert sett til 26.08.2024.

Klage:

Matrikkelføringa og dette vedtaket kan klagast over, jf. matrikkellova §46 . Klage skal stilast til statsforvaltaren, men sendast til Masfjorden kommune. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Eigedomane er no oppretta og tinglyst.

Vedlagt fylgjer matrikelbrev over gbnr 59/19, 59/20 og 59/21 og utskrift frå grunnboka for kvar eigedom.

De kan no skriva skøyte på eigedomen. Dette må sendast til tinglysing, «Kartverket Tinglysing, pb. 600 Sentrum, 3507 Hønefoss.» Ein gjer merksam på at skjema for eigenfråsegn om konsesjonsfridom ved tileigning/ kjøp av fast eigedom må fyllast ut av kjøpar og leverast kommunen for registrering i matrikkelen, før skøytet kan tinglysast.

Eigedomane er å finna på www.seiendom.no og www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Kjersti Furnes Soltvedt
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Grunnbok_4634_59_19

Matrikkelbrev gbnr 59-19

Grunnbok_4634_59_20

Matrikkelbrev gbnr 59-20

Grunnbok_4634_59_21

Matrikkelbrev gbnr 59-21

Gebyr for arbeid etter matrikkellova Bustadutvilking

Gebyr for arbeid etter matrikkellova Jon Egil

Kopi til:

Arvid Riise

Eitrheimsvegen 96

5750

Odda

Håkon Bjarne Kjetland

Andvikvegen 657

5981

Masfjordnes

Mottakarar:

Bustadutvikling As

Eidavegen 532

5993

Ostereidet

Bustadutvikling AS v/Andre Vabø

Jon Egil Einestrand

Austfjordvegen 810

5981

Masfjordnes